

Ang. Arve Otto Nundal.

Arve Otto høyrer til pionerane innan løfting av vekter her i Årdal.

Vektløftargruppa i Årdal vart stifta av Øystein Smith Larsen i 1968, og i denne gruppa var Arve Otto med frå starten. Etter kvart blei klubben omgjort til styrkeløftklubb, og framleis var Arve Otto med.

Han har heile tida vore ein aktiv løftar, til tider nærast aleine utan at det har stoppa han.

I 2009 var han pådrivaren til å restarte styrkeløftklubben her i bygda, same året blei han óg kretsdommar i styrkeløft.

Gjennom karrieren sin har han henta 19 NM-gull, 9 NM-sølv og 4 NM-bronsar.

Som aktiv utøvar av sporten i meir en 50 år, og med slike prestasjonar, meiner me det bør kvalifisere til ei merksemd frå moderklubben.

Skrivar

Anne Ø. H.